



Full musikk på Sæbøvik! (Foto: Thor Inge Døssland)

Det var tydeleg at Brazzooka traff publikum med musikken sin då dei opptredde under den store Krabbe- og rekefesten i Sæbøvikfestivalen fredag kveld.

Det var gjort klart om lag 700 sitjeplasser ved langborda i det store teltet som var ca.60 m langt og 12 m breidt. Likevel måtte arrangørane inn med ekstra benker og bord. Publikumstalet passerte truleg 1.000.

Før Brazzooka spelte var det diverse programinnslag, og det store publikummet kunne forsyne seg av det rikhaldige matbordet.

Det var tydeleg at Brazzooka traff publikum uavhengig av alder .

Desse sitata frå ei middelaldrande Bergensfruefår representere hennar aldergruppe: ' Dette var virkelig gøy!' og 'Å gud, hvor flinke de er!'

Bandet presenterte seg med sin svingande, iøyrefallande musikk med ein solid dose publikumstekke og humør.

Etter dei tre festivalspellingane i det siste er interessa for bandet sterkt aukande. Ein merkar og interesse frå arrangørar både i Sunnhordland og utanfor. Det vert spennande å følgja det som skjer med bandet framover.



Brazzoka-gjengen før konserten. (Foto: Thor Inge Døsland)